

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for drift og utvikling	15.01.2008	JHB	008/08
Kommunestyret	23.01.2008	JHB	010/08

Avgjerd av: Kommunestyret	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Jens H. Bjordal	JHB	N-547.0	08/2

PRINSIPP FOR TILKNYTNING TIL KOMMUNALT VASS- OG KLOAKKANLEGG I UREGULERTE OMRÅDE.

Saksutgreiing:

I samband med utbygging av vassverk på Fosse, mot Ådland, Dalstø og Kårbø-Landsvik er det trong for nærare retningsliner for tilknytingsvilkår.

Dette gjeld:

1. Tvungen eller frivillig tilknytning til kommunalt anlegg.
2. Lengde på stikkleidningar/greinleidningar m.m.

Det bør vere eit mål at flest mogelege eigedomar vert tilknytt det kommunale vassleidningsnettet slik at anlegga vert mest mogeleg utnytta grunna dei store kostnadane på leidningsnettet.

Utbyggingane kan delast i 3 kostnadsområde:

1. Kostnad med hovudleidningar.
2. Kostnad med grein-/stikkleidningar.
3. Tilknytingsgebyr.

Kostnad med hovudleidning bygd i samsvar med godkjend plan for utbygging og dekkast med lån og gebyrinntekter.

Kostnad med greinleidningar/stikkleidningar, samt sjølvte tilknytingskostnad skal dekkast brukarane.

Tilknytingsgebyr, som per 2008 er kr 15 000,- + mva, med nedtrapping til kr 5 000,- + mva. etter 2 år, dvs. 2010, skal betalast av brukarane, dvs. alle bustadeiningar som er eller kan registrerast som bustad i GAB-registeret (seinare matrikkelregisteret).

Krav til tilknytning:

Alle bustader som åleine eller som til saman gjennom felles greinleidning/stikkleidning ligg nærare enn 200 m frå hovudleidning, skal knytast til kommunal hovudleidning med heimel i plan- og bygningslova § 65.

Det kan søkjast om unntak frå denne regelen.

Det vert her ei overgangstid på 3 år, slik at tilknytning må vere utført seinast 3 år etter at hovudleidningen er sett i drift.

Tilknytingsgebyr skal betalast når tilknytning skjer. Tilknytninga skal skje etter søknad gjennom ansvarleg røyrleggjar og søknad skal godkjennast av kommunen før tilknytning skjer. Dei generelle vilkåra for tilknytning til kommunal leidning gjeld.

Vurdering:

Det er trong for retningslinjer for tilknytning til kommunal vass- og avlaupsleidning i LNF-område og i uregulerte område. Kommunen byggjer no ut leidningsnettet i store deler av kommunen med til dels spreidd busetnad.

For at dei fleste innbyggjarane skal få ei god og sikker vassforsyning, samt at dei kommunale investeringane vert utnytta best mogeleg, må alle som ligg innafor rimeleg avstand og med akseptable økonomiske kostnader få pålegg om tilknytning til vass- og avlaupsnettet dersom frivillig tilknytning ikkje skjer. På denne måten vil ein få lik praksis i kommunen uavhengig kvar i kommunen leidningsnettet ligg.

Med rimeleg avstand reknar ein her inntil 200 m. Dersom det her er fleire hus i same område som kan nytta same stikkleidningen, gjeld det for 200 m pr. hus. Dvs. ei klynge på 5 eigedomar kan då ha ei samla stikkleidningslengde på 1000 m og då få krav om tilknytning.

Kva som er økonomisk akseptabelt/forsvarleg kan vera noko skjønsmessig, men legg ein til grunn ein stikkleidningskostnad på om lag kr 500,- pr. m vil ein stikkledning på 200 m koste kr 100 000,-. Dei aller fleste leidningane er vesentleg kortare enn 200 m.

I særskilde tilfelle bør det kunne søkjast om unntak frå retningslinene. Særskilde tilfelle må vera ekstraordinære vanskelege terrengtilhøve slik at kostnaden vert vesentleg høgare pr. m. enn nemnd ovanfor, eller at vedk. eigdeom for kort tid sidan har investert i eige kostbart anlegg som gir god vasskvalitet og som i tillegg vil få ein lang stikkledning.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Kommunestyret godkjenner at følgjande retningslinjer vert lagt til grunn for tilknytning til kommunalt vass- og avlaupsleidning i LNF-område og i uregulerte område.

1. Alle eigedomar som ligg innafor ein avstand av 200 m frå kommunal hovudleidning vert pålagd tilknytning med heimel i Plan- og bygningslova prg. 65 for vatn, og prg. 66 pkt. 2 for avlaup. Det same gjeld for grupper av eigedomer der felles stikkledning/greinleidning summert med inntil 200 m pr. eigedom ligg innafor denne avstanden. (Dvs. ei gruppe på 5 eigedomar kan såleis ha ein samla felles leidning og enkeltleidning på inntil 1000 m og då få krav om tilknytning).
2. Tilknytning skal så langt som råd skje frivillig utan bruk av tvangsmidlar.
3. Tilknytninga må vera gjennomført innan 3 år frå den tid hovudleidningen som det vert tilknytt til, vert tatt i bruk.
4. Tilknytning skal skje etter søknad frå ansvarleg røyrleggjar og skal vera godkjent av kommunen før tilknytning skjer. Betaling av gebyr skal skje frå tilknytningstidspunktet oppgitt av røyrleggjaren.
5. Etter søknad kan det gjevast unntak frå tilknytingskravet. Unntak kan gjevast grunna særlege årsaker slik som er nemnd i vurderinga frå administrasjonen.
6. Retningslinene vert gjort gjeldande straks.”

15.01.2008 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU-008/08 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”Kommunestyret godkjenner at følgjande retningslinjer vert lagt til grunn for tilknytning til kommunalt vass- og avlaupsleidning i LNF-område og i uregulerte område.

1. Alle eigedomar som ligg innafor ein avstand av 200 m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilknytning med heimel i Plan- og bygningslova prg. 65 for vatn, og prg. 66 pkt. 2 for avlaup. Det same gjeld for grupper av eigedomer der felles stikkleidning/ greinleidning summert med inntil 200 m pr. eigedom ligg innafor denne avstanden. (Dvs. ei gruppe på 5 eigedomar kan såleis ha ein samla felles leidning og enkeltleidning på inntil 1000 m og då få krav om tilknytning).
2. Tilknytning skal så langt som råd skje frivillig utan bruk av tvangsmidlar.
3. Tilknytninga må vera gjennomført innan 3 år frå den tid hovudleidningen som det vert tilknytt til, vert tatt i bruk.
4. Tilknytning skal skje etter søknad frå ansvarleg røyrleggjar og skal vera godkjent av kommunen før tilknytning skjer. Betaling av gebyr skal skje frå tilknytningstidspunktet oppgitt av røyrleggjaren.
5. Etter søknad kan det gjevast unntak frå tilknytingskravet. Unntak kan gjevast grunna særlege årsaker slik som er nemnd i vurderinga frå administrasjonen.
6. Retningslinjene vert gjort gjeldande straks.”

23.01.2008 KOMMUNESTYRET

KS-010/08 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Kommunestyret godkjenner at følgjande retningslinjer vert lagt til grunn for tilknytning til kommunalt vass- og avlaupsleidning i LNF-område og i uregulerte område.

1. Alle eigedomar som ligg innafor ein avstand av 200 m frå kommunal hovudleidning vert pålagt tilknytning med heimel i Plan- og bygningslova prg. 65 for vatn, og prg. 66 pkt. 2 for avlaup. Det same gjeld for grupper av eigedomer der felles stikkleidning/ greinleidning summert med inntil 200 m pr. eigedom ligg innafor denne avstanden. (Dvs. ei gruppe på 5 eigedomar kan såleis ha ein samla felles leidning og enkeltleidning på inntil 1000 m og då få krav om tilknytning).
2. Tilknytning skal så langt som råd skje frivillig utan bruk av tvangsmidlar.
3. Tilknytninga må vera gjennomført innan 3 år frå den tid hovudleidningen som det vert tilknytt til, vert tatt i bruk.
4. Tilknytning skal skje etter søknad frå ansvarleg røyrleggjar og skal vera godkjent av kommunen før tilknytning skjer. Betaling av gebyr skal skje frå tilknytningstidspunktet oppgitt av røyrleggjaren.
5. Etter søknad kan det gjevast unntak frå tilknytingskravet. Unntak kan gjevast grunna særlege årsaker slik som er nemnd i vurderinga frå administrasjonen.
6. Retningslinjene vert gjort gjeldande straks.”

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Komm.avd. for natur - næring og tekniske
tenester